



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
09.04.2017	48475/2017	Ingeborg Forseth

Saksnr	Utval	Møtedato
	Ungdomspanelet	26.04.2017

Orientering til ungdomspanelet om Ung på Opera'n-prosjektet

Bakgrunn

Ung på Opera'n-prosjektet er eit prosjekt som vart satt i gang hausten 2015 av Operaen i Kristiansund (OiK). OiK ser at publikummet som kjem på operaframsyningar og klassiske konsertar blir stadig eldre og målet for dette prosjektet er at ein skal gjere desse framsyningane meir attraktive for unge vaksne. Målgruppa for prosjektet er unge vaksne mellom 16 og 30 år. Fleire sponsorar er også med å støtte prosjektet.

Eit av tiltaka for å få ei yngre målgruppe er å senke billettprisen på utvalde framsyningar og konsertar med kroner 100 eks. gebyr. Det har og vore eit Ung på Opera'n forspel før ei utvald framsyning, med lett servering, konkurransar og småprat.

Før Operafestvekene 2017 vart det i samarbeid med Tidens Krav og Sparebank 1 Nordvest rekruttert seks Ung på Opera'n-ambassadørar i Kristiansund. Desse hjalp til med å framsnakke, marknadsføre og gjennomføre Ung på Opera'n arrangementet som var før La Boheme tysdag 7. februar.

Januar 2017 fekk prosjektet tilsagn frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune for å rulle ut denne ordninga i fleire kommunar i Møre og Romsdal. OiK jobbar for ei brei publikumssatsing, og ønskjer å nå unge frå både Kristiansund og resten av fylket.

Forslag til vedtak:

Ungdomspanelet tek saka til orientering.

Norunn Brøste Kjersem
leiar ungdomspanelet